

Saksbehandlar: Marit Silje Husabø
Sak nr.: 20/2761-9

Forskrift om folkevalde si godtgjerdsle i Sogndal kommune - endring

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Endringsforskrift som tillegg til forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune.
Det blir gjort fylgjande endringar:
§ 3a første setning vert endra slik:
Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Endringa har verknad frå 01.01.21

Vedlegg:

- 1: Forskrift om folkevalde si godtgjerdsle i Sogndal kommune
- 2: Protokoll budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 – arbeidsdokument 5/20

SAKSFRAMSTILLING

Finansutvalet gjorde i møte 16. november 2020 vedtak om å innarbeide 10 % kutt i alle politikargodtgjersler i budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024. Dette vart vedteke av kommunestyret 10. desember 2020 i sak 121/2020.

Vedtaket medfører at § 3a i forskrift om folkevalde si godtgjerdsle i Sogndal kommune må endrast frå 100 % til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Då dette medfører endring i ei vedteken forskrift må kommunestyret gjere eit vedtak om endringsforskrift for den gjeldande forskrifta.

Endringsforskrift som tillegg til forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune.

Det blir gjort fylgjande endringar: § 3a første setning vert endra slik:

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Andre politikargodtgjersler vert rekna ut frå ordføraren si godtgjersle og vert såleis justert automatisk. Det er difor ikkje behov for ytterlegare endringar i forskrifta.

I samsvar med vedtaket i kommunestyret vil endringa ha verknad frå 01.01.21.